

NVE

Innsendt dato: 15.07.2013

Referansenummer: IDOQCW

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201103056
Sakstittel	Krossdalselvi kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Trygve Kråkevik
Adresse	Digrebrekke
Postnr	5627
Poststad	Jondal
e-post	bardkrakevik@hotmail.com
Telefon	53668029

Høyringsfråsegn

Høyringsfråsegn

Høyringsuttale til konsesjonssøknad frå Krossdalselva kraftverk

Eg er, som grunneigar av Digrebrekke, gardsnummer 21 og bruksnummer 1 og 2 i Jondal kommune, gjort kjend med at elva som renn langs garden vår, i ei strekning på 1200 - 1400 meter, vil verta nærast turrlagd dersom konsesjonssøknaden frå Fjellkraft AS vert innvilga. I den samanheng vil eg tillata meg å koma med nokre innvendingar, eventuelle tilleggssopplysingar som kan ha innverknad i søknadsprosessen.

Me har gjennomlevd relativt store vassdragsreguleringar oppe i høgjellet rundt Folgefonna. Det skjedde i 1970-åra og frametter, då 85 % av vasstilførsla gjennom bygda vart overført til Kvinnherad. I tillegg har me i desse dagane fått opplysingar om at Statkraft vil overføra vatn frå to nye basseng til Kvinnherad og såleis redusera vassmengda yttarlegare i Krossdalselva, ein reduksjon som ikkje er teken med i talmaterialet som ligg til grunn for konsesjonssøknaden for vidare utbyggjing av Krossdalselva. Alt dette har me liksom godteke, utfrå tanken om ei sikrare energidekning for landet vårt. Det nye er at det vert søkt om vidare utbyggjing av Krossdalselva midt i der me bur og arbeidar, ei utbyggjing som me føler snur opp ned i miljø- og natursamanheng. Nedslagskummen for røyrkata og tunnelen vil liggja cirka 250 meter frå gardshusa til grannen vår, og det i dyrka jord. Massane frå tunnelen vert plasserte delvis på innmarka på garden Molve, den næraste grannegarden litt lenger nede i dalen.

Lauvbrua som går over elva kloss i innlaupet til tunnelen har vore eit landemerke for oss lokalt. Når me står på brua og ser oppover dalen, ser me ei lang elv som renn mot oss, og vender me auga andre vegen, vert me møtt med ein djup foss og store kulpar nedover elva. Skulle elva verta regulert, slik søknaden ber om, vil me frå brua verta møtt av eit hol der vatnet vil forsvinna på den eine sida og eit nærast turlagt elveleie på den andre - ei radikal naturomvelting. Ei minstevevssføring vil ikkje endra noko avgjerande på dette inntrykket.

Så vil eg skriva om tilhøva på garden vår i Digrebrekke, og eit arbeid som har gått føre seg i dei siste 20 åra. Me har restaurert og sett i stand åtte bygningar i gardstunet vårt, med god hjelp av offentlege tilskot og rentefrie lån. Kverna inne ved elva er restaurert mellom anna ved hjelp av ca 30 000 kr i offentlig tilskot. Vasstilførsla i slåk er ikkje gjort ferdig enno og krev relativ stor vassføring om kverna skal verka. Den gamle vegen frå Jondal til Øvre Krossdalen gjekk cirka 2,5 kilometer over vår eigedom. Den er no rydda og gjort framkomeleg for dei som ser verdi i å ta seg fram langs ein gamal kultursti. Til dette arbeidet har me óg fått offentlege tilskot. Vegen går delvis langs Krossdalselva, der den rennande elva gjev ei

	markant naturoppleving. I tillegg har me fått godkjent utlagt eit hyttefelt langs eit høgdedrag med utsyn rett mot elva. Eg skriv om dette arbeidet for å få fram at me har drive med eit utstrakt kulturarbeid der me har hatt eit viktig mål i sikte - å skapa økonomisk grunnlag for busetnad og levemåte. Turisme har óg hjå oss vorte eit viktig satsingsområde, og turistane har funne seg vel til rette i dei restaurerte husa våre og soge inn gamal kultur. Men dette heng saman med naturopplevinga på og rundt garden, mellom anna med fiske i alle kulpane i elva som renn forbi og bading for den som ynskjer det. Tilbake til utgangspunktet - sjølv om vassdragsreguleringane har vore omfattande, har desse ikkje gripe inn i nærmiljøet vårt. Det som no eventuelt kan henda ved nye utbyggjingar i Krossdalselva er å avgrensa synsopplevinga og skapa ei fattigare natur - og kulturliv for oss som har bustaden vår tett inn til inngrepa, og å gjera området mindre attraktivt for turisme. Eg vonar de forstår vår frustrasjon i så måte og tek vår grunngjevne uro med når de skal handsama konsesjonssøknaden for vidare regulering av Krossdalselva. Venleg helsing Trygve Kråkevik, grunneigar av Digrebrekke, gardsnr 21, bruksnr 1 og 2
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	